

# ÅRSMELDING 2002 LOM OG SKJÅK SPAREBANK

## FOLKET OG FJELLET


i Skjåk, Lom og Vågå gjennom alle tider



# FOLKET OG FJELLET

i Skjåk, Lom og Vågå gjennom alle tider





## REGISTER

Fjella våre - forord	side 23
Dei fyrste veidemennene	side 24
Rein og jakt	side 24
Jakt for turistar	side 26
Fiske	side 27
Dei legendariske fjellførarane	side 27
“Stor-Knut” og etterkomarane	side 28
Moderne aktivitetar og fjellførarar	side 30
I skjørt til fjells	side 31
På setra	side 32
Turistvertinnene og -vertane på fjellstovene	side 33
Frå seterdrift til turistdrift	side 34
DNT-inntog i Jotunheimen og Breheimen	side 35
Meir enn ei fjellstove	side 36
Gardsdrift til fjells	side 36
Segner, legender og minneverdige menneske	side 37
Tjuvar og fantar	side 39
Vegane over fjella	side 40
Forvaltning	side 41
Historie for framtida - etterord	side 43
Kjelder	side 44
Meir om folk og fjell	side 44

*Foto på  
førre side:  
Plukking av  
myrull ved  
Bøvertuns-  
vatnet.  
Jenta til  
venstre er  
ikkje kjent,  
jenta til  
høgre er  
Live  
Sulheim.  
Utlånt av  
Marit  
Marstein.*





## FJELLA VÅRE

2002 var "Det internasjonale fjelleåret". Eit år da det vart sett mykje fokus på fjell, bruken av fjell, fjellturisme, vern og lokale interesser. For oss frå Skjåk, Lom og Vågå har fjellet alltid vore viktig... Frå dei fyrste veidemenn kom og slo seg ned ved Tesse i eldre steinalder til i dag da 20-25000 står på ski på Galdhøpiggen Sommarskisenter kvart år og da 30000 årleg går over Besseggen.

Vi har sett på korleis folk frå Skjåk, Lom og Vågå har brukt fjellet gjennom alle tider - og korleis det blir brukt i dag. Og vi har sett på ulike grupper og aktuelle personlegdomar. Den delen av historia som går føre seg i fjellet, har forma mykje av kulturen og identiteten vår. Det er viktig at vi tek vare på dette.

Vi tek for oss eit vidt spekter av historie i denne årsmeldinga. Difor har vi ikkje gått like mykje inn på alle detaljar. Temadelen legg opp til eit innblikk i korleis fjellet har vore viktig for oss og korleis ottadøler har levd i, med og av fjellet frå steinalderen og fram til i dag.

*Besseggen er eit av dei mest populære turmåla i Noreg. På biletet ser vi Gyrid og Frøydis Axe Øvsteng. Foto: Mathias Øvsteng*



## DEI FYRSTE VEIDEMENNENE

*Jaktfølge  
ved  
Glitterheim  
på 1920-  
talet.  
Utlånt av  
Ole K. Vole.*



Fjella våre har vore brukt i uminnelege tider, og det var reinen som lokka oss til fjells til å byrje med. Vi veit ikkje kvar dei fyrste menneska i fjellet i Ottadalen kom frå. Vi veit heller ikkje nøyaktig når dei kom. Men spor funne mellom anna ved Tesse

fortel at alt i steinalderen for 5000 år sidan var det veidemann i Jotunheimen. Oppsiktsvekkjande er også funnet av ein pilspiss frå yngre jernalder på Galdhøpiggen.

Kring Tesse har arkeologar funne ei rekkje steinalderbuplassar innanfor ein avstand på nokre

hundre meter frå vatnet. Dei som levde her, budde i telt av skinn og var kledde i skinn frå rein og andre dyr dei jakta på. Reiskapen som vart nytta, var av bein, horn og stein. Truleg jakta dei ikkje berre på rein, men også på elg og andre skogsdyr. Steinaldermenneska var nomadar som flytta fleire gonger i året etter eit fast mønster. Det er vanskeleg å seie kor mange det kunne bu rundt om i fjella i Ottadalen på denne tida. I "Bygdebok for Vågå og Sel" meiner Ivar Teigum at det ikkje kan ha vore meir enn 200. Ingen veit altså kvar dei fyrste menneska i Jotunheimen kom frå - og heller ikkje kvar dei vart av. Det er ikkje registrert funn i Jotunheimen mellom steinalderen og 400 år e. Kr., og det er difor vanskeleg å seie i kva grad området vart nytta av menneske denne tida.

*Frå  
utgravingar  
i Visdalen  
ved Anne  
Stalsberg og  
Elding Alsvik  
i 1968. Det  
har vore  
busetnad på  
denne staden  
to eller tre  
gonger, fyrst  
i tidleg  
mellomalder  
kring år 900.  
Jakt og kle-  
berindustri  
har vore ein  
viktig leveveg.  
Utlånt av  
Torgeir T.  
Garmo.*



## REIN OG JAKT

Reinen og jakta trekte dei fyrste menneska til fjella i Ottadalen, og trekkjer framleis mykje folk hit. Ottadalen villreinområde, fyrst og fremst Skjåk Almenning, er eitt av dei mest populære områda for reinsjakt i dag. Området har store dyr, høg fellingsprosent og eit variert terreng med både fjell, dalar og flyer. I Skjåk Almenning søkjer over 2000 personar jaktkort på rein kvart år. Kring 600 kort blir delt ut, i 2002 gjekk 160 av desse til bygdefolk. I tillegg til nordmenn kjem også svenskar, danskar, tyskarar og spanjolar.

Reinsjakt for sporten si skuld tok til i Ottadalen i 1840-50 åra. På 1800-talet dreiv bygdefolk reinsjakt for matauk og sal. Men det var også sport og glede knytt til jakta. Fram til 1600-talet var det ikkje mange i Ottadalen som hadde gevær - men på denne tida vart det innført ei ny hærordning som førte til at fleire hadde gevær tilgjengeleg. Reinsgraver og armbrøst vart nå erstatta med kuler og krut. Dei første geværa var dårlege og ikkje til å skyte med på avstand. Da det på 1800-talet kom gevær med lengre og meir presis rekkevidde, vart dette ein stor trussel mot reinsstamma i Sør-Noreg. I mange år vart det drive hard jakt og teke ut store mengder rein.

"Dyregrav og dyregard skal kvar som vil gjera i ålmenning så at han ikkje spiller annan manns veidvon. Ligg dyregrav ubrukt meir enn ti vintrar, kan kven som helst setja ho i stand og bruka ho om han held grava ved like". Slik heitte det seg i Magnus Lagabøters Landlov frå slutten av 1200-talet. I 1730 sette danskekongen ned forbod mot bruk av fangstgraver, og på 1800-talet kom det pålegg om å fylle att gravene. Likevel finst det mange heilt intakte graver som ikkje er fylte. Veidemann som fyrst byrja å byggje fangstgraver for å fange rein, hadde store kunnskapar om korleis reinen tedde seg. Dei laga bægarm (leiegjerde) som førte dyra mot gravene. Gravene plasserte dei gjerne mot ein bakketopp. Dei visste at reinen ville setje opp farten i motbakke og ikkje rekkje å bykse til sides for dei tildekte gravene.

### STYGGEVÊRS-EIRIK

Den fremste reinsjegeren i Skjåk gjennom tidene var Styggevêrs-Eirik Tundraskriun - jeger, plassmann og tjørebrennar. I folketeljinga frå 1875 er han ein av 20 karar i Skjåk som har oppgjeve "jeger" som yrke. Styggevêrs-Eirik skal ha skote nærare 500 reinsdyr, mest storbukkar. Kallenamnet fekk han av di han vart utsett for så mykje uvêr. Det vert sagt at styggevêret forfølgde han heilt til grava. Det var slikt eit uvêr da han skulle gravleggjast at det var berre så vidt gravølsfølgjet kom seg heim.



## JO GJENDE

Ein annan jeger som levde på om lag same tid var vagværen Jo Gjende, med fødenamnet Jo Tjøstolsson Kleppe. Han vart foreldrelaus som barn og voks opp hjå slektningar. Namnet Gjende fekk han fordi han heldt til kring Gjende, mest i bua si ved Gjendeosen. Jo er kjend som jegeren over alle jegerar. Ettermålet hans omtalar han som den seigaste av alle fjellmenn, den tråaste blant dei tråe, illsint og ustyrlig - og med ssvovelosande språkbruk, den sjølvsahte autoritet i fjellheimen. Jo skaut den fyrste reinen sin da han var 18 år gamal. Seinare skulle det bli mange fleire - bortimot 600. Han nytta geviret og skinnen av reinen - og difor var det helst storbukkane han skaut. Kjøtet gav han bort. Interessa for børser var lidenskafeleg, og han brukte mykje tid på våpenstell. Jo Gjende var ingen primitiv jeger utan andre interesser, han las mykje og tileigna seg kunnskapar om europeisk åndsliv. Han var ein fritenkjar som tok avstand frå bokkristendommen - han fann sin gud i naturen i staden for hjå presten i kyrkja. På mange måtar var han nok ein einstøing, men fleire kjende fjellfolk vitja han i steinbua. Etter alt å døme fekk Henrik Ibsen høyre om Jo Gjende då han budde hjå presten Aars i Lom i 1862 - og det er ikkje usannsynleg at Ibsen kan ha henta inspirasjon til Per Gynt sitt ritt over Gjendineggen frå Jo Gjende.

## SVEIN KVITINGEN

Ein kan trekkje parallellar frå Jo Gjende til Svein Kvitingen frå Skjåk. Det vert hevda at det ikkje er lett å skjønne noko ved Svein Kvitingen utan å kjenne fjellet og kva det byr på av godt og vondt. Svein Kvitingen gjekk i eitt med fjellet. Som barn var han kvar sommar med mor si til seters på Sota. Seinare hadde han heimen sin på Sota og budd der året rundt i 30 år. Fyrste reinen skaut han da han var tretten år, og han vart ein stor jeger som felte fleire hundre rein. Han greidde ikkje halde teljinga i gode år, men meiner det må ha vore over 250. Fangst på rype, hare og anna småvilt med snuru dreiv han og.

Svein Kvitingen var både børsemakar, skarpskyttar, urmakar, maskinkyndig, optikar, kunstsmed, praktiserande vegingeniør, den glupaste reinskyttaren og veidaren, turistvert og fjellfører, granskar og filosof. Det har vore skrive at han var kjempekaren som greidde alt han tok til med - ihoplagt så mykje at det heldt til fleire vanlege menneske. Som Jo Gjende var Svein Kvitingen ein tenkjar og ein åndsmann. Han var ein ivrig lesar og glad i å tileigne seg kunnskap. Særleg var det bøker om praktiske fag han studerte - men også bygdesoge. Sjølvlært var han i alt. Skulegangen var avgrensa til nokre barneår med seks veker i året på folkeskulen på Åmoten.

Aller best likte han å stelle med børser. Han fann nye løysingar, slipte linser til nye kikertar og bora opp løp. Dette byrja han med tidleg, og det gjekk ikkje lang tid før det gjekk gjetord om at Svein Kvitingen kunne gjere den beste rifla av ei heller låk ei. Han tok patent på ein børselås. Men da Winchester kom frå Amerika, var prinsippet på låsen til denne børsa så likt det Svein hadde teke patent på at han ikkje tykte det var nokon grunn til å starte produksjon. Å drive med arbeid som andre greidde like bra var ikkje noko for han.

## TAMREINDRIFT

Det har vore gjort fleire forsøk på tamreindrift i Skjåk, Lom og Vågå både på 1800- og 1900-talet. Men til tider har rovdyrplagene vore så store at dei har truga flokkane. I nyare tid har andre problem - som radioaktivitet - vanskeleggjort drifta for tamreinlaga i dalen.

Vågå Tamreinlag vart stifta i 1942, og har i dag seks årsverk. Ved oppstarten av laget sa stiftarane at "når andelane går til bygdafolket blir ikkje fjellet selt".

Såleis let dei ikkje utanbygds kapitalistar kjøpe seg inn i laget men sleppte heller til mange bygdefolk. Starten vart hard, av dei 650 dyra som vart kjøpt inn ved oppstart var det berre få att eit år seinare. Dyra hadde enten rømt eller vorte tekne av rovdyr. Ei ny kneik møtte tamreindriften i Ottadalen etter Tsjernobylylykka i 1986. Kjøtet vart ubrukeleg på grunn av høge bequerelverdiar, og mykje måtte gjerast for å finne tenkjelege løysingar. Langtidsverknadene slit dei framleis med. I 2002, 16 år etter ulykka, var bequerelverdiane i tamreinen i Ottadalen på nytt for høge da slaktinga skulle setjast i gang.

Lom Tamreinlag vart stifta i 1926. Etter at skjåkværene Mathias Holø og Ola Gran i selskapet Gjende Rein Co nokre år hadde leigt eit område kring Loms-

*Svein Kvitingen, ein sjølvlært atmoglegmann. Utlånt frå Skjåk Historielag.*





alt på 1800-talet, og mange førarar tok på seg både fjellføring og jaktguiding.

#### JENS TRONHUS

Jens Tronhus var ein av desse. Av dei mest prominente hadde han med seg på jakt, var den svenske kronprinsen. Jens vart fjellfører og

*Frå venstre svenske kronprinsen Gustav V, Jens Tronhus og hoffjegermester Thomas Fearnley. Utlånt av Reidun Randen.*

eggen og innover Sognefjellet til tamreindrift, fekk det nystifta Lom Tamreinlag kjøpe reinen deira. Fyrste driftsåret vart det også kjøpt inn dyr frå Røros, og ved årsskiftet talde flokken 991 dyr. Ved årsskiftet 2002-2003, 76 år seinare, talde flokken 2400 dyr etter slakteuttaket.

I Skjåk er det i dag ikkje tamreindrift, men fleire gonger har det vore tamrein i kommunen. Johannes Olsen Partapuoli var ein sentral person i så måte. Partapuoli var fødd i Målselv og var av sameslekt. Han og familien busette seg i Bråtå, men budde i telt om sommaren medan dei passa rein. Partapuoli gjorde sjølv forsøk på tamreindrift i Skjåk, seinare vart han medeigar i eit kommunalt tamreinlag, men trekte seg etter kvart ut og vart overgjetar.

*Johannes Olsen Partapuoli på fargelagt bilete. Utlånt av Gudbrand Skjaak.*

Å vera reinsgjetar har alltid vore sett på som eit slitsamt og ansvarsfullt arbeid. Kvardagen har endra seg for reinsgjetarane dei åra dei har vore tamrein-

drift i Ottadalen, ikkje minst med snøskuteren sitt inntog i fjellet kring 1970. Før det kunne ein reinsgjetar slite ut både to og tre par ski i løpet av ein vinter. Likevel er det heller ikkje i dag nokor enkel oppgåve å vere reinsgjetar i dei mest hektiske periodane - som flytting mellom beiteområde, inndriving, merking og slakting. Mange ser likevel på reinsgjeting som eit av dei beste yrka for den som er glad i fjellet.



#### JAKT FOR TURISTAR

Mange turistar kjem kvart år til Ottadalen for å jakte, fyrst og fremst på rein. Dette vart vanleg

turistvert som far sin, Peter. Han kjøpte Ommundsetra i Randsverk, og bygde opp ein populær turiststasjon. Den svenske kronprinsen tok turar til Randsverk for å jakte, og hadde med seg Jens som kjentmann. Etter ein innbringande jakttur i 1899 fekk Jens og kona Brit ein pokal og ei sølje med innskrift frå kronprinsen. Jens fortalde ofte historier frå jaktturene han hadde med svenskekronprinsen. Ein gong han sat saman med nokre karar og drakk, sa han at det ikkje skulle koste han meir enn eit fingerpeik å få heile det svenske kongehuset i kne. Dei andre tykte nok dette berre var store ord og skryt. "Jau, når vi smyg oss fram i Nautgardstindane og eg seier "reinsvon!" - da går dei i kne, alle prinsane", fortalde han.

#### PETER TRONHUS

Jens vart lært opp av far sin, Peter. Peter Tronhus var jeger og fritenkjar - og ein god kamerat av Jo Gjende. Men meir utadvent og skrytande. Han var førar for dei fyrste turistane som vitja området rundt Gjende kring 1840-50. Det var harde kår for ein familie som skulle livnære seg på fjellføring og turistdrift. Peter busette seg fast nokre år på Bessetra saman med kona Kari og barneflokket på ni. Etter kvart fekk familien fatt i eit hus i Randsverk som vart nytta om vinteren. Han leigde framleis Bessetra og budde der om somrane. Turisttrafikken vart stor, men økonomien i drifta var diverre ikkje like god. Gjelda voks, og til slutt måtte lensmannen ta pant i huset på Randsverk og det Peter Tronhus ellers hadde av egedelar og innbu. Dei siste åra budde han hjå sonen Jens i Randsverk.

Peter Tronhus hadde ei eiga evne til å kome i kontakt med dåtidens "kjendisar". Mellom anna var han og sonen førarar da "Tre i Norge" vitja Sjudalen. Også Theodor Caspari vart kjent med Peter, og det vart sagt at Fridtjof Nansen skal ha vitja han. Ein av dei mest sentrale i oppstarten av turisttrafikken ved



Gjende var Eardly John Blackwell. Han gjorde mykje for at området vart kjent for turistar, og vart ein sentral person i Vågå. Blackwell betydde mykje for Tronhus. Faktisk så mykje at ein av sønene hans vart døypt Eardy John Blackwell Tronhus.

#### EARDLEY JOHN BLACKWELL

Blackwell kom til Vågå som 22 år gamal fjellturist saman med kameraten Theodore Woolman Rathbone. Dei to vitja Jo Gjende i bua hans i 1855 og vart verande utover hausten for å leve villmarksliv saman med han. Jo Gjende var da 71 år. Blackwell busette seg etterkvart i Vågå. Han vart gift med Mari Sve, etter at far hennar hadde vore med over til England for å sjå på familiegodset til Blackwell og godkjent friaren og familien.

#### FISKE

Fiske har også trekt turistar til dalen. I dag finn vi både dei som kjøper seg fiskekort og fiskar på eiga hand, og dei som vil ha kyndig følgje til å finne dei beste fiskestadene. Odd Erik Aukrust driv Lom fiskeguiding og skreddarsyr stutte og lengre fisketurar i Lom. Skjåk, Lom og Vågå har store ressursar av vatn og elver for fritidsfiske. Fiskeressursane har hatt mykje å seie for bygdefolket. Frå gammalt av var fiske naudsynt som matauk. Somme hadde det også som næring eller attåtning. I dag gjev det god avkopling og rekreasjon å kunneta med seg fiskestanga til fjells - eller å ta med garna i sekken og gå inn til eit fjellvatn.

#### TESSE

Tesse er det mest kjente fiskevatnet i dalen. Årleg vert det henta ut mellom 850 og 3500 kilo fisk her. I 1930-åra fiska fleire båtlag med oter og garn heile sommaren på vatnet, og det vart teke ut så mykje som 8000 - 9000 kilo fisk. I 1943 byrja reguleringa av Tesse, noko som verka inn på fisket. Likevel er Tesse framleis eit godt fiskevatn. Når det kom fisk i Tesse, er uvisst, men vatnet vart sett på som eitt av dei rikaste fiskevatna i dalen alt kring 1200 da Olav Digre (Heilag-Olav) kom til Lom for å kristne bygda. Historia fortel at Torgeir Gamle på Garmo fekk bytt til seg fiskeretten i Tesse ved å love å byggje ei kyrkje på garden sin.

#### DEI LEGENDARISKE FJELLFØRARANE


Sjølve “oppdaginga av Jotunheimen”, i alle fall som ein stad for turistar, vart gjort i 1820. Da gjekk geologistudent Balthazar Mathias Keilhau og medisinstudent Christian Peter Bianco Boeck gjennom Jotunheimen saman med reinsjegar Ole Urden frå Øystre Slidre. Etter denne turen publiserte Keilhau artikkelen “Nogle Efterretninger om et hittil ukjent Stykke af det søndenfjeldske Noreg”. Nasjonalromantikken blomstra sterkt og mange fekk eit ynskje om å oppdage “det skjulte Norge”. Fjellvandrarar, tindebestigarar og vitskapsmenn fekk augo opp for dette “nye” stykket Noreg som fram til nå ikkje eingong hadde vore kjent på kart.

Knud O. Vole, Ole Halvorsson Røisheim og Eiliv Ofigsbø skulle bli dei mest kjente og legendariske av fjellførarane i Jotunheimen. Dei var alle tre førarar på mange pionerferder.

*Eardley John Blackwell. Utlånt frå Klones.*



*Ola Halvorsson Røisheim med familien. Frå venstre: Halvor, Ola med Rønnaug på fanget, kona, Torø og Ingrid. Fotografiet er utlånt av Sølvi Solbakken.*



## OLE HALVORSSON RØISHEIM

William C. Slingsby var blant dei som nytta Ole Røisheim som førar. Han karakteriserte Ole som "en dristig fjellmann, og en erfaren fører over Jotunheimens ødevidder". Ole Røisheim fekk i 1858 tilbod om å ta over som skystasjonshaldar etter folket på nabogarden Hoft. Det kom fleire og fleire engelskmenn til den norske fjellheimen på denne tida, og Ole forsto at det var viktig å satse på desse. Han reiste difor til Skottland ved å ta hyre på ein dampbåt. I Skottland arbeidde han i ei kolgruve eit halvt år medan han lærte seg engelsk flytande. Etter kvart lærte han seg også tysk - og påstod sjølv at han til og med kunne litt fransk. Ole var kunnskapsrik og vart sett stor pris på både



*Eiliv Ofigsbø pyntar hatten sin med lineablomar i Visdalen Utlånt av Marit Marstein.*

av dei som vitja Røisheim og dei han førte over brear og fjell. Turistdrifta på Røisheim og fjellføringa gjorde ikkje Ole rik, han var nøysam – men svært gåvmild.

## EILIV OFIGSBØ

Eiliv Ofigsbø vart gift med Marit, gardjenta på Nigard Sulheim. Dei tok over drifta på garden og på Spiterstulen i 1896. Berre tre år seinare døydde Marit. Eiliv var ein habil førar og var kjent for å vera lett på foten. Ein gong han hadde ført turistar over Hellstugubreen og Memurubreen, skilde han lag med tur-

følgjet sitt i Memurudalen og gjekk deretter over Besseggen, rundt Russvatnet, om Glitterheim og attende til Spiterstulen om kvelden.

## KNUD O. VOLE

Den viktigaste fjellføraren i tida då fjellturismen starta opp, var utan tvil "Stor-Knut", Knud O. Vole. Han vert tillagt ein stor del av æra for at byfolket fekk augo opp for fjellheimen – og ikkje minst for at vinterturismen i Jotunheimen vart starta sist på 1800-talet. Knud O. Vole var med på mange godt skildra pionerferder i Jotunheimen, både den fyrste turen til Galdhøpiggen og Glittertinden vinterstid. Etter mange artiklar i Aftenposten i 1880- og 90-åra steig populariteten for denne måten å nytte fjellet på. "Stor-Knut" var fjellførar i 55 år og førte over 12000 personar. Han var kjent som ein særansvarsbevisst førar som aldri fira på krava om tryggleik for dei som var med i følgjet.


## "STOR-KNUT" OG ETTERKOMARANE

"Stor-Knut" har vorte legendarisk for alle i Jotunheimen. Han er forfar til mange av dei som er - og har vore - vertskap for turistar her. Knud var oppvaksen i små kår i Vågå. Etter at han var konfirmert, måtte han som vanleg var ut for å greie seg sjølv. Han hamna i Bøverdalen og byrja som førar til Galdhøpiggen da han var 25 år gamal. Turen gjekk frå Røisheim og tok to dagar. Den fyrste Juvasshytta stod ferdig i 1884, etter to års arbeid på permafrost. Knud og eldstesonen bar alle materialane opp frå Raubergstulen og gjorde sjølve alt grunnarbeid og bygging. Til å byrje med var det berre fire sengebriskar på Juvasshytta. Dette vart for lite, men snart hadde hytta kapasitet til å ta imot 100 gjester. I 1888 kunne Knud opne den fyrste hytta på Piggen. Også denne hadde han sjølv bore materialane til.

Da Knud kom til Bøverdalen i 1870, overtok han ein husmannsplass under Røisheim. Namnet Vole tok han etter fjellet Vole i Vågå. Det opprinnelege namnet hans var Helleløkken. Heilt på slutten av 1800-talet flytta han og kona Kari til Repp, som framleis er i familien si eige. Her vart han sjølv-eigande bonde. "Stor-Knut" var ein ivrig og dyktig jeger som jakta rein og dreiv snarefangst på rype. Ein dyktig treskjerar var han også. Det finst fleire fine gjenstandar etter han på Juvasshytta og på andre av dei Vole-drivne hyttene i Jotunheimen. Mykje av det han laga selde han også som souvenirar til turistar som var innom Juvasshytta. Knud og Kari var av dei fyrste i bygda som fødte familien meir eller mindre på pengeushald. Føringa, turistdrifta på Juvasshytta og treskjeringa gjorde at dei tente nok pengar til å få kvardagen til å gå rundt. Gardsdrifta var såleis mindre viktig for dei.

Yngste sonen, Knut K. Vole og kona Rønnaug Bakkeberg, dreiv Juvasshytta etter Kari og Knud. Deretter overtok døtrene deira, Ragnhild og Tora, drifta. Tora døydde i 2000, og Ragnhild driv turisthytta i dag. Alle tre generasjonane Vole på Juvasshytta har vore utstyrt med mykje arbeidsvilje, sjølv om kvardagen har forandra seg mykje sidan Kari og Knud O. opna Juvasshytta.

Dei to fyrste vertinnene, Kari og Rønnaug, hører vi ikkje så mykje om, dei vert ståande i skuggen av ektemennene sine. Men begge hadde ein hard kvardag med mykje slit og store barneflokkar. Likevel var dei kjende som trivelege og imøtekomande. Noko å gjere hadde dei alltid. Om vinteren var det førebuing og matlaging til sommarsesongen. Dei tok imot vinterturistar på Juvasshytta ei god stund før det var prat om innlagt





vatn, så dei måtte bore seg gjennom den metertjukke isen på Juvvatnet. På 30-talet vart vegen opp til Juvasshytta ferdig.

“Stor-Knut” og Kari fekk ni barn som voks opp, i tillegg fekk dei tre som døydde etter fødselen og ei dotter som vart to år. Både barn, barnebarn, oldebarn og tippoldebarn har vore - og er å finne som vertskap rundt om i Jotunheimen.

- Ole og kona Guro dreiv Glitterheim. Drifta gjekk vidare til sonen Knut og kona Anna, og deretter til Ola og Solveig som står for drifta i dag. Barna deira, Helene og Knut, er også fjellfolk. Knut lev opp til namnet sitt ved også å vere fjellfører for turistar i Jotunheimen. Knut og Anna si dotter Goro har i fleire år vore vertinne på Finse. Ola og Guro fekk òg sonen Nils, som vart styrar på Gjendesheim. Etter han tok sonen Olav Gaute og kona Bjørg over styrarrolla.
- Kari vart gift i Vadsø.
- Olaf reiste til Amerika.
- Marit gifta seg til Sletten i Lom.
- Christian var møllar og dreiv telefonsentralen i Bøverdalen. Denne oppgåva tok sonen Jo over. Jo si dotter Aase finn vi som vertinne i Gjendebu. Saman med mannen Håkon og dei tre borna Halvor, Anne-Grethe og Jo har dei drive staden

sidan 1973. Den andre dotter til Jo, Sonja Helene, dreiv ei tid Skjernungstua i Nordmarka. Ho er mor til Bernt-Jo som i dag driv Bessheim saman med kona Magni. Jo sin son Christian har tidlegare vore reinsgjeter og er far til Jørgen som arbeider ved Steinerskolen på Soleggen.

- Ingrid gifta seg til Fjell i Lom. Kjell, soneson hennar, dreiv ei tid leirskule på Bøvertun.
- Helene reiste også til Amerika, interessa for turistdrift førde ho vidare til son sin, Tor, han dreiv som turistvert i Amerika ei tid.
- Vetl-Knut var yngste guten, og det var han som saman med kona Rønnaug tok over Juvasshytta. Borna vart alle fjellfolk. Døtrene Tora og Ragnhild tok over Juvasshytta der også sonen Torkjell var all sin arbeidsdag. Dottera Kristina var vertinne i Krossbu og sonen Kolbjørn var i periodar førar på Piggen og transporterte turistar både med lastebil, personbil og rein. Kolbjørn og kona Anna fekk fire søner, to av desse er i turistnæringa - Kåre er vert på Krossbu og Per eig og driv Galdhøpiggen Sommarskisenter.
- Anne gifta seg til Lund i Lom. Knut, son hennar, dreiv Bessheim fram til Bernt Jo Vole (tippoldebarnet til Christian) tok over. Dotter hennar, Kari, gifta seg med Harald Øvstedal som dreiv Gjendebåten. Med åra tok sonen Kåre og kona Synnøvd over drifta av båtene. Også Harald Rune, son deira, er å møte på Gjendebåtane om sommaren.

*Knud O. og Kari Vole med borna Ole, Kari, Marit, Christian, Ingrid, Helene, Knut og Anne. Olaf hadde reist til Amerika da biletet vart teke. Utlånt av Aase Vole Dalen*







André Sundero driv aktivitetsselskapet Upptur i Vågå. Utlånt av Upptur.

## MODERNE AKTIVITETAR OG FJELLFØRARAR

I moderne tid har vi fått ein heilt ny etterspørsel etter fjellføring og aktivitetar i naturen. Både i Skjåk, Lom og Vågå har det å organisere aktivitetar for turistane og skreddarsy pakker til dei som ynskjer det, fått ein god marknad. I alle tre kommunane er det fleire aktivitetsselskap som kan tilby alt frå juving ografting til brevandring, toppturar, paintball, motorsport, hanggliding, isklatring, grotting.... moglegheitene er det berre fantasien som avgrensar.

### ANDRÉ SUNDERO OG UPPTUR

André Sundero driv aktivitetsselskapet med det slående namnet Upptur. Utstyr, aktivitetar, turistar, sesong og moglegheiter har forandra seg mykje frå "Stor-Knut", Ole Røisheim og Eilev Ofigsbø si tid. Haldningane er likevel mykje dei same. André Sundero seier at han kjenner seg heldig som har moglegheit til å utvikle kunnskap

om natur og kultur gjennom arbeidet sitt. Han meiner det er eit privilegium å arbeide med formidling av haldningar, tradisjonar og kunnskap kring noko ein sjølv er interessert i. Han er glad for at han kvar dag kan lære noko nytt i samspel med menneske som stadig kjem i nye og uvante situasjonar dei skal takle.

André Sundero er fyrst i 40-åra. Han har alltid vore oppteken av naturen og friluftsliv. Alt som liten gut tok foreldra han med på fisking, fotturar og skiturar. Då han var i tjugeåra, byrja han å ta på seg guideoppdrag på fritida. For ti år sidan etablerte han eit vinterprogram i Sjødalen som etter kvart utvikla seg til ein heilårs arbeidsplass. Ulempa med arbeidet er uregelmessig arbeidstid, som til tider kan gje han dårleg samvit overfor familien. Men han gler seg over å sjå at ungane også har interesse for friluftsliv, og at eldste sonen på 17 stadig er med på turar som førar.

"Eg kjenner meg godt motteken i lokalsamfunnet nå. Statusen for yrket mitt har endra seg mykje - frå å bli sett på som ein fritidsaktivitet til at folk har fått forståing for at dette er ei næringsutøving som har stor verdi for lokalsamfunnet", seier André Sundero. I 2002 hadde Upptur 2500 - 3000 personar med på tur, og 10-12 personar var på ein eller annan måte innom lønningslistene til Upptur.

Upptur driv med tre slags aktivitetskategoriar. Den opphavlege aktiviteten er naturbaserte guida turar - alt frå tematurar på ski til elgsafari og juving sommar og vinter. Seinare har også kulturaktivitetar vorte ein viktig del, til dømes guida bussturar, forteljarteater og opplevingar med kombinasjonen kultur, mat og forteljing. Sær "in" i tida er også aktivitetar som går på improvisasjon, kommunikasjon og relasjonsbygging for grupper. Her er formålet med aktivitetane å utvikle kreativitet, samarbeide, ta raske avgjerder og takle stress. André Sundero er med på dei fleste turane og driv aktivitetar heile året, både faste program og meir spesielt tilrettelagde program på alt frå ein til fire dagar. Deltakarane er alle typar menneske, skuleklasser, firma, pensjonistgrupper, norske og utanlandske turistar, idrettslag og til og med mc-klubbar.

### PER VOLE OG SOMMARSKI

Per Vole byrja som vert på Galdhøpiggen allereie som 16-åring, og i 22 år tok han imot turistar på toppen av det høgaste fjellet i Noreg. Frå 1964 og fram til den gamle hytta bles ned i 1970 tok han imot turistar der. I 1975 fekk han reist ei ny hytte på Galdhøpiggen, men fram til den stod ferdig, dreiv han sal frå eit telt oppunder varden på toppen i turist-sesongen. Det vart lettare å byggje den nye Pigge-



hytta enn den gamle. Mesteparten av materialane vart frakta opp med helikopter. Men alt inventar måtte fraktast opp på ryggen. Per Vole var på Piggen tre gonger dagleg i byggjeperioden. I tillegg til å frakte opp inventar, dreiv han med sal til turistar og bar mat til handverkarane.

I 1985 fekk han konsesjon for skitrekking på Veltjuvbreen, som svensken Kjell Andréén hadde drive nokre år. Andréén hadde hatt eit mobilt trekk. Dette starta også Per opp med. I 1987 opna han den fyrste permanente heisen på Veltjuvbreen. Samstundes vart strøm og veg ført fram til skitrekking. Det vart også laga parkeringsplass og varmestove. Investeringsane låg på kring fem millionar kroner. I 1989 opna skisenteret kafeteria. Store snømengder braut ned bygningen i 1994, og eit nytt bygg vart reist i 1995. I 2002 kom den førebels siste utbetringa. Heisen vart utvida til 1400 meter, med eit fall på 350 meter og ein kapasitet på 1400 personar i timen! Både alpinistar, telemarkkøyrarar og snowboardarar finn vegen til Galdhøpiggen skisenter. Ikkje minst mange landslag legg treningssamlingar til senteret.

Sesongen på Galdhøpiggen Sommarskisenter startar i slutten av mai og held fram til oktober. Per Vole er likevel ikkje utan arbeidsoppgåver om vinteren. Reparasjonar og vedlikehald på alt av maskiner og utstyr må gjerast mellom sesongane. Han er også stadig på Veltjuvbreen om vinteren for å yte saman snørenner, slik at snøen skal samle seg og snømengdene halde seg best mogleg utover sommaren og hausten.

## I SKJØRT TIL FJELLS

Kvinnelege førarar er ikkje uvanleg i dag. Men den gongen turistane byrja å interessera seg for Jotunheimen, var det utenkjeleg å la kvinner vere med til fjells – og det skulle ta lang tid før det vart sett på som "normalt" for kvinner å gå i fjellet. Ei og anna høyrer ein likevel om, ikkje berre byfrøkner, men også lokale jenter.

### RØNNAUG SULHEIM


Rønnaug Sulheim var dotter til Stener Sulheim som saman med Lars Arnesen og S. Flotten i 1890 var den fyrste til å gå på Galdhøpiggen.

Rønnaug var den fyrste kvinna på toppen. Turen skjedde seks år etter den fyrste bestigninga til faren. Som tida tilsa, gjekk Rønnaug i skjørt. Seinare var ho førar til Galdhøpiggen, også her den fyrste kvinnelege, og alltid i skjørt. I boka "Spiterstulen" refererer Vera Henriksen til det Rønnaug Sulheim sjølv fortalde om ein gong det hadde kome eit følge med skottar til setra. Dei ville absolutt ha førar til Galdhøpiggen. Sidan det ikkje var andre der vart ho med dei. Men om ho hadde visst korleis dei var kledde, hadde ho ikkje våga seg til å bli med dei. "For veit du dæ du, at døm ha `kje einna heill eit skjørt på sin syndige kropp", fortalde ho.

### LIVE SULHEIM

Live, syster til Lars Sulheim på Spiterstulen, tok også på seg ein og annan tur som førar. Også ho fortalde om ein spesiell førarepisode. Ein einsleg kar ville ha førar, og ho vart med. Dette var etter at det var bygt hytte på Galdhøpiggen, og da dei kom opp dit, stod det ei vinflaske til sals. Karen ville absolutt kjøpe denne og baud også Live på vin. Live var ikkje vant med å drikke slikt, men var redd for kva som kunne skje dersom karen drakk opp flasken. Ho hadde høyrte ymt om at det skulle verka fort så høgt til værs. Difor drakk ho sin del, og minnest at dei tåla det godt både to.

*Live Sulheim, nummer to frå venstre. Utlånt av Marit Marstein.*





## PÅ SETRA

Det var helst som budeie kvinnene fekk gjere mest av seg i fjellet. Det er usikkert kva tid setringa i Ottadalen tok til, men på slutten av 1600-talet var det eit aktivt seterbruk i dalen, noko som tilseier at det mest truleg har vore seterdrift sidan mellomalderen. Dei fleste av dei store seterstulane har eksistert så langt attende som ein kan fylgje seterbruket i dalen.

*Arbeid på netosetra før og nå. Bilete over foto: Ivar Risheim. Utlånt frå Skjåk Historielag si fotosamling. Bilete under foto: Visus*

### VINTERLEGO

Frå fyrst på 1700-talet vart det vanleg at bøndene i Vågå tok med seg vårbere kyr til seters om vinteren. Det er ikkje kjent at det har vore sterke tradisjonar for vintersetring - eller vinterlego - i Skjåk eller i Lom. I Vågå heldt setringa om vinteren fram heilt til andre verdskrigen.

Folk låg i vinterlego fordi det var vanskeleg å frakte føret frå setrene i Sjudalen og ned til gardane i bygda. Vegar var det enno ikkje mykje av. Det vart også sankt mose og ris frå fjellbjørk, som vart lagra opp for å drøye høyet. Seterføret var viktig for å halde liv i buskapen vinteren gjennom. For å livberge flest mogleg dyr gjennom vinteren vart det difor ei løysing å reise til foret på setra nokre månader. Kyrne som var i vinterlego, vart haldne for å vere meir hardføre enn kyrne som var i bygda vinteren gjennom. Såleis fekk dyra frå Vågå ordet på seg for å vere det beste slaktefeet i heile Gudbrandsdalen. Det var også vanleg å ha med geit i vinterlego.

Flyttinga av dyra gjekk gjerne føre seg i fyrsten av november. Setringa heldt fram til tidleg i februar. Turen, både til seters og ned til bygda, kunne til somme tider vere meir strabasiøs enn ynskjeleg både for folk og fe - og kunne ta både to og tre dagar. Både vegar hende det at kyr kalva i snøen.

Det var oftast tre personar på kvar seter der det var vinterlego. Ei budeie, ein køyrekar, og ein gut som skulle hjelpe både budeie og køyre-karen. Dei var helst ungdommar, og dei hadde mange plikter i løpet av lange arbeidsdagar. Mosen som var sankt om sommaren, låg i haugar rundt om seterstulen og måtte fraktast til seters. Dei måtte også finne vatn og ved og frakte dette til seterhuset. Budeia tok seg av kyrne – gjerne opptil 15 dyr – og gjorde alt matstell og innearbeid. I ledige stunder dreiv gutane jakt etter rype og rev som dei selde.

Sjølv om det var mykje slit og arbeid på setra vinterstid, var det også mykje moro og trivsel. Særleg i jula vart det tid til at folket på dei ulike setrene kom saman. Før jul reiste køyre-karen ned til bygda for å få med seg julemat frå garden. Ein tår brennevin fekk dei også med. Når budeia, køyre-karen og pjanken, som hjelpeguten vart kalla, kom ned at frå fjellet med bølingen og hestane, vart dei gjort stor stas på av sjølvfolket på garden. Dei vart trakterte og løna etter beste evne.





## TURISTVERTINNENE OG -VERTANE PÅ FJELLSTOVENE

### RAGNHILD MO

Ragnhild Mo var ei av dei som var budeie både sommar og vinter. Sist på 1800- og fyrst på 1900-talet var ho i Sjødalen mest halve året. Ragnhild var ei dyktig og arbeidsglad budeie, noko som var viktig for sjølvfolket på garden. Det var budeia som styrte på setra, og det var om å gjera at ho var eit dyktig arbeidsmenneske. Det var også viktig at budeia var flink til å yste. Ost var god salsvare. Yste var Ragnhild ein meister til. Ho vart tilsett på gardsysteriet til Kvarbergsgardane etter at ho slutta som budeie, og vart premiært for å lage den beste osten i distriktet.

### BUDEIA

Somme var budeier ein heil mannsalder, andre berre nokre sesongar. Budeia kunne gjerne vere innleigt, men det kunne også vere ei av døtrene eller kjerringa på garden.

Det var mykje som måtte førebuaast før budeia kunne reise til seters med krøttera, også sommarstid. Var ho framand på garden, måtte ho gjera seg kjend med dyra som skulle vere med henne. Ho måtte ordne seg godt med klede og sko. Maten for sommaren på setra vart stelt i stand, slik som brød av ulike slag, mjøl, gryn, spekemat, fleisk, pølse og kjøtt. Smør fekk ho òg med seg. Setersmøret som vart laga, var mest for sal.

Seterreisa vart gjord til faste tider. Det var ofte reglar for kor tidleg ein kunne reise til kvart enkelt seterlag. Reiste ein før, vart det kalla grasran. Det var mykje å ordne når følgjet kom til seters. Kyrne måtte stellas godt med, slik at dei ville kome inn att i fjøset, og dei måtte mjølkast. I den tida det vart ysta, måtte separator og ystepanna klargjerast. Fjøset måtte ordnast på alle vis. Det same måtte seterhuset. Det måtte gjerdast, breiast møkk frå året før og vatnast, og vassvegane reinskast og drivast fram. Det var med heimfolk for å hjelpe til med alt som måtte gjerast dei fyrste dagane. På stader med rovdyrplager var det ofte med ein gjetargut. Elles måtte budeiene i heile seterlaget dele på å gjete krøttera kvar sin dag. Særleg frå midten av 1800-talet var mange seterområde plaga med ulv.

Arbeidsdagen til budeia tok gjerne til i femtida om morgonen og gjekk mest i eitt til ho var ferdig for kvelden. Når det ikkje var fjøsstell, lokking, husstell eller ysting og kinning, brukte budeiene gjerne tida på sauming og strikking. Bundingskroken og saltkaret hekk trufast i stakklinninga - slik at budeiene kunne strikke medan dei lokka, og samstundes gje kyrne ein saltsleik.

Etterkvart som turistane byrja å finne vegen inn til setrene og fjellstovene, fekk kvinnene ei ny og sentral rolle i fjellet som turistvertinne. Mange av desse har sett sterke spor etter seg. Det har alltid vore ein spesiell livsstil å drive fjellstove. Tidlege morgonar og seine kveldar, arbeidsoppgåver av mange slag og gjester som kvar dag skal gjerast til lags.

### MARIE HOFT

Ei av dei som har utmerka seg i så måte var "Gjendedronninga" - Marie Hoft. Marie var styrar i Gjendebu frå 1938 til 1972. Ho er hugsa som ei gjestfri, raus og alltid humørfylt turistvertinne - verdsett både av turistar, bygdefolk og av dei som arbeidde hjå ho. Mor til Marie var styrar på Gjendebu frå 1901, og Marie lærte tidleg dei gjeremåla som måtte til. Marie fekk både fortanestemedaljen til DNT og Kongens Fortanestemedalje. Ho var ved Gjende mest kvar sommar heilt frå ho var eitt år og fram til ho døydde 89 år gamal. Etter at ho trekte seg attende i 1972, brukte ho somrane i ei hytte faren hadde sett opp ved Gjendebu.

*Marie Hoft.  
Utlånt av  
Aase Vole  
Dalen.*



*Ingeborg Hagen  
mjølkar  
geiter.  
Utlånt frå  
Skjåk  
historielag  
sitt arkiv.*



*Gjendebru  
fotografert  
med flom-  
stor Gjende.  
Utlånt av  
Aase Vole  
Dalen.*

## RØISHEIM-SYSKENA

Dei fire Røisheim-syskena, Brit, Ola, Torø og Svanhild, vart også legender som turistvertskap. Dei dreiv skystasjonen saman fram til slutten av 1960-talet og vart sett på som samstemte og varmhjerta. Syskena hadde evna til å gje kvar enkelt gjest



inntrykk av at dei var midtpunktet medan dei var gjester på Røisheim. Religiøse var dei alle fire, noko som gjorde at dei ikkje leigde ut dobbeltrom til ugifte par. Ein gong på 50-talet fekk dei besøk av ein amerikansk

*Røisheims-  
syskjena,  
frå venstre  
Brit, Ola,  
Svanhild og  
Torø.  
Utlånt av  
Sølvi  
Solbakken.*

mann og ei norsk kvinne som var ugifte og sjølvsagt måtte ta til takke med kvar sitt rom. Etter at dei to hadde reist, fekk syskena greie på at det var Steven Rockefeller og Anne Marie Rasmussen dei hadde hatt besøk av. Da tykte dei visst dei hadde vore litt strenge. Dronning Wilhelmine av Nederland og dottera Juliane besøkte Jotunheimen og Røisheim fleire gonger. Eit besøk dei fire syskena tydelegvis



tykte var stor stas. Ola reiste heilt til Oslo for å kjøpe nye sengeforlengingar og vaskeservantar frå Tyskland før dronninga skulle kome.

Røisheims-syskena var fødd inn i ein syskenflokk på fem, der den eldste drukna som 14-åring. Dei var borna til Tjøstolv Kvamme og Ingrid Røisheim - fosterdotter og niese til Ole Halvorsson Røisheim som starta opp med turistar på Røisheim.

## FRÅ SETERDRIFT TIL TURISTDRIFT

Det har vore ei enorm utvikling av fjellstovene frå starten av og fram til i dag. Fleire stader byrja det med ei seter der turistar etter kvart fann losji. Etter kvart som turistane vart fleire, vart seterdrifta tona ned, og det vart gjort meir plass for turistar, slik som til dømes på Spiterstulen.

## SPITERSTULEN

På Spiterstulen har vegfarande funne losji i uminnelege tider. Turistane fann vegen hit kring 1830, men folk som reiste mellom Valdres og Gudbrandsdalen overnatta før det. Spiterstulen var opphavgleg seter for Nigard Sulheim. Rolv Larsson kjøpte Nigard Sulheim med setra kring 1860. Han overlet

garden og setra til dottera Marit og mannen Eliliv Halvorsson Ofigsbø i 1896. Allereie i 1899 døydde Marit i barselseng med tvillingar. Etter dette stagnerte fjellturismen på Spiterstulen fram til sonen Lars Sulheim og kona Karen tok over i 1916. I dei åra dei var på Spiterstulen, var det ei stor utvikling. Då dei byrja på setra, dreiv dei tradisjonell setring og tok imot turistar i seterhuset. Berre nokre år etter sette dei opp den fyrste ekstra bygningen for å ta imot turistar. Huset hadde dei kjøpt frå ein gard i Bøverdalen, og dei la det opp sjølve utan hjelp. I åra som kom var det bygging av nye hus eller utviding av dei som alt stod. På slutten av 1930-talet kom både telefonen og ein kjerreveg til Spiterstulen. Straum kom òg etterkvart. Turisttilstrøyminga auka mykje desse åra. Det var lange og harde arbeidsdagar, og dei måtte ha med både kokke og fire-fem tenestejenter.

Sonen Eiliv og kona Charlotte tok over etter Lars og Karen i 1951. Da hadde seterstulen vorte gjort om til eit kompleks av hytter og hus. Eiliv og Charlotte fekk si fulle hyre med å halde alle husa i stand og utbetre dei etter turistane sine krav.



Dei var vertskap på heiltid, og drifta vart etterkvart utvida til ni månader i året. Frå 1963 byrja dei med leirskuledrift, noko som forlenga sesongen mykje. Ein brann i 1978 vart ei sterk påkjenning for dei to, fleire bygningar vart skadde eller brann ned. I 1968 vart garden og setra skilde. Det er i dag sonen Lars Eivind og kona Anne som driv garden. Frå 1975 har dottera Bente Kristin og mannen Svein Ovesen vore med i drifta av Spitersulen. Dei siste åra har også deira son Bjørn Andreas og kona Bodil vore involverte, og med deira son Tor Espen er det no fire generasjonar som har sitt daglege liv på Spiterstulen.

## DNT-INNTOG I JOTUNHEIMEN OG BREHEIMEN

DNT vart stifta i 1867, og skulle snart kome i gang med å byggje hytter i Jotunheimen. DNT har i dag fire betjente hytter i området vårt: Sota Sæter i Skjåk, Gjendebu og Glitterheim i Lom og Gjendesheim i Vågå.

### GJENDEBU

Allereie i 1869 vart det vedteke at foreininga skulle byggje ei hytte i vestenden av Gjende. Før det hadde det vore tak over hovudet å få i steinbuene til dei som setra. Dette vart vél primitivt for mange av dei som kom til desse traktene. Gjendebu stod ferdig i 1871 og tok imot turistar året etter. Tolv sengeplassar var det til å byrje med, men som så mange andre stader vart dette fort for lite. Fleire påbygg og utbetringar vart gjort allereie dei fyrste 30 driftsåra. Aase Vole Dalen og Håkon Dalen tok til som bestyrarar i 1973, og det er framleis dei som styrer på Gjendebu. Gjendebu er i dag den eldste av alle hyttene i turistforeininga.

### GJENDESHEIM

Gjendesheim vert sett på som DNT sitt flaggskip. Hytta som ligg så fint til ved Gjende, er den mest besøkte av alle DNT sine hytter.

Ikkje så rart sidan den er utgangspunktet for turen over Besseggen, der 30000 personar går kvart år. Gjendesheim stod ferdig i 1878 og tok imot 125 gjester den fyrste sommaren. Ettersom trafikken auka vart det gjort ei rekkje om- og påbyggingar. Det har vore fleire bestyrarar på Gjendesheim, mellom andre Ragnhild Repp som var styrarinne frå 1920 til 1950. Ho vart høgt verdsett som vertinne både blant turistar og bygdefolk. I dag er det Olav Gaute og Bjørg Vole som er vertskap.

### GLITTERHEIM

I 1898 kjøpte DNT ei jaktbu i Veodalen. Opphavleg hadde nokre kampesteinar med eit krypinn for opptil fire personar vorte nytta som overnattingsplass her. I 1885 bygde Tjøstolv Fossberg og Elland Helstad ei jaktbu i stein. DNT nytta steinbua som losji for dei som skulle byggje Glitterheim. Turisthytta stod ferdig i 1901, like ved sida av steinbua. Fyrste styraren var Knut Storrusten, men i 1910 kom Ole K. Vole og kona Guro til Glitterheim. Sidan har det vore Vole-folka som har styrt på Glitterheim, dagens bestyrarpar er Ole og Solveig. Solveig er oldebarnet til Knut Storrusten, så dersom dottera Helene eller sonen Knut tek over drifta av Glitterheim kan dei seie at drifta har vore i familien sidan fyrste dag.

*Dagens fire generasjonar på Spiterstulen. Bak: Bente K. Sulheim Ovesen, Eiliv og Charlotte Sulheim med oldebarnet Tor Espen Ovesen. Framme: Svein H. Ovesen, Bodil Sandom Ovesen og Bjørn A. Sulheim Ovesen. Utlånt av familien Sulheim/Ovensen.*





## SOTA SÆTER

Sota Sæter kom ikkje i DNT si eige før i 1994, da staden vart kjøpt frå Gunnar Bugge. Gunnar Bugge og kona Berit Halén Bugge kjøpte Sota i 1989 og starta da eit omfattande restaureringsarbeid som gjorde at Sota nå i dag framstår som eit vakkert tun med tømra bygningar. Den som bygde opp det staselege tunet på seterstulen var Torbjørn Grimstad frå Lillehammer. Grimstad samla saman hus både



frå Skjåk og ned mot Lillehammer i ei periode frå 1950 til -80-talet. Det var Svein Kvitingen

som i 1894 starta opp med turistdrift på Sota. Det har dei siste åra vore syskjena Inger og Stein Heggebotn som har drive Sota. Dei har frå 2003 sagt opp kontrakta med DNT.

*På biletet under: Norvald Bergheim vinteren 1976/77, i bakgrunnen til venstre fjøset på Grotli og til høgre fjellstova. Sjølve hotellet på biletet over ligg omlag ein kilometer vest. Fotografi utlånt av familien Bergheim. Biletet over - foto: Espen Grønli.*

## MEIR ENN EI FJELLSTOVE

Ein del stader oppretta staten fjellstover for vegfarande, slik som på Grotli. Grotli Fjellstove vart bygd i 1868, og Kristen Hansen Sperstad vart tilsett som den fyrste styraren. Han og kona dreiv Søre Øyberget og budde der om vinteren. Det var ikkje veg over fjellet på den tida, og i kontrakten mellom staten og Sperstad stod det at han var pliktig til å skaffe ein vaksen mann til å følgje ferdefolk over fjellet – anten til Merok i Geiranger, Skåre i Stryn eller til Heggjobotn og Lindsheim i Skjåk. Han skulle også syte for å ro folk over Breidalsvatnet og Djupvatnet. På slutten av 1870-åra vart det laga ein kjerreveg frå bygda og opp til Grotli, i 1889 opna vegen frå Grotli til Geiranger, og i 1894 opna vegen som i dag vert kalla Gamle Strynefjellsveg.



Sevald og Marit Skiaker, som seinare skifta namn til Grotli, tok over som styrarar i 1880. I 1900 gav dei over drifta til sonen Andreas og kona Maria, som i 1905 opna Grotli hotell og vart vertskap både for det nye hotellet og fjellstova. Hotellet hadde 50 senger, men kapasiteten vart raskt for liten. Etter at biltrafikken kom i gang over Strynefjellsvegen kring 1914, tok Grotli imot mykje trafikk frå store turistskip som kom inn til Stryn og Geiranger. Dette var ei heilt ny form for turisme i Ottadalen. Fram til nå hadde turistane fyrst og fremst kome for å gå opp på toppar og fjell. Bussar frå turistskip er framleis viktige for Grotli, men Grotli-folket har ikkje berre levd av turisme i dei fem generasjonane dei har budd på fjellet. Mellom anna dreiv Andreas og Mari gardsdrift på Gammel-Grotli, mink- og reveavl og reinsdrift som attåtning. På denne tida var enno ikkje vegen over Strynefjellet vinteropen. På grunn av store snømengder kunne den stengje så tidleg som i oktober. Heilårsvegen opna ikkje før i 1977, men allereie i 1964 fekk Grotli sin første snøskuter. Før den tid måtte dei gå på ski to mil ned til Pollfoss. Skuleungane måtte bu hjå slektningar i bygda heile vinteren. Sjølvfolket måtte vera att på fjellet for å ta seg av dyr og bygningar. Maria og Andreas gav over hotell og fjellstove til sonen Sevald og kona Berta. Døtrene Liv og Mari, og Mari sin mann Norvald Bergheim dreiv deretter Grotli fram til Mari og Norvald sin son, Are Bergheim og kona Berit tok over. Dei er femte generasjon Grotli som bur på fjellet året rundt - 900 meter over havet og om lag to og ei halv mil frå næraste fastbuande nabo.

## GARDSDRIFT I FJELLET

Å drive gardsbruk til fjells har bydd på ein hard kvardag, og har opp til i dag vore mest umogleg med tanke på transport av mellom anna mjølk, dyr og kraftfôr.

### LIER PÅ SOTA

Ivar Kleiven skriv i "Lom og Skjaak" at det før svartedauden låg ei heil grend på den staden setrene på Sota ligg i dag. Heile grenda vart avfolka då svartedauden herja midt på 1300-talet. Grenda heitte Lier. Her budde ein kar som heitte Ola Lier. Garden hans skulle vere både stor og gild, bølingen hans var namnspurd, og Ola sjølv var både ein rik mann og eit godt menneske. Folk sa at ingen annan stad fekk dei eta seg så vel mette på godt sjør og graut som hjå han Ola Lier.

## FORBERGS-OLA

I bygdebok for Skjåk kan ein lese om Ola Person, eller Forbergs-Ola. I 1805 sa ålmenningseigarane i Skjåk han opp frå Heggjebotn der han hadde busett seg. "Fløtjardagen", den 14. april, skulle han vere ute. Han fekk 27 riksdalar i erstatning, og løyve til å busetje seg på Stuttgongen. Den årlege leiga her vart sett til 1 riksdalar. Då fekk han nytte hamninga og ta ved og skogsfør etter behov, så sant han ikkje hindra dei som setra på Billingen. Med kone og fire born vart han buande på Stuttgongen fleire år, kilometervis frå andre fastbuande. Det vert fortalt at dei lykkast med å dyrke korn. Dei livnærde seg nok mest ved å selje malm og ulvelav. Kvar vinter gjorde Ola ein tur til Falun med eit kjelkellasmalm og ulvelav. Det går den dag i dag gjetord om ei sylvåre han skal ha funne i Mårådalen. Mange har leita etter denne åra - men ingen har funne ho. Livet på Stuttgongen 800 meter over havet var utan tvil strevsamt og hardt. Ein vinter da det var ekstra mykje snø og vanskeleg å kome seg fram, vart familien i siste liten berga frå å svelte i hel da folk frå bygda greidde å ta seg fram på ski. I 1816 inn-gjekk sonen til Forbergs-Ola, Per Olssen Heggjebotn, forlik med ålmenningseigarane på vegner av faren, og familien fekk busetje seg i Heggjebotn att.

## VASS-PER

Vi er avhengige av kunstig vatning for å få avlingar på gardane i Ottadalen. Vatnet vart frå gammalt av teke ned frå fjellet, og mange nyttar seg framleis av slik vatning. Peder P. Dagsgardsøygard frå Skjåk - Vass-Per - var ein føregangsmann når det galdt dette arbeidet. Han levde på slutten av 1700- og fyrst på 1800-talet. Vass-Per fann opp ei vatervåg som han brukte for å finne leier for vatnet frå fjellet og ned til gardane. Han kunne få vatnet til å renne over myrer, urder, sletter og dalsøkk - somme stader kan det mest sjå ut som han fekk vatnet til å renne i motbakke. Vass-Per stakk sjølv ut vassveggar både i Skjåk, Lom og Vågå. Kunnskapane han tileigna seg og delte med andre, revolusjonerte vatnings-systema i Ottadalen. All reiskapen og utstyret han brukte, laga han sjølv. Krut og dynamitt brukte han ikkje. Måtte han kløyve steinar eller berg, gjorde han opp varme og skvetta på vatn slik at steinen sprakk.

Å ta fram vassveggar var sommararbeid. Vintrane brukte Vass-Per mykje på smiing og snekring. Han var ein sjølv-lært ingeniør med mange gode idear, og konstruerte mellom anna den lomske såmaskina som var rein høgteknologi på denne tida. Rolv K. Øygard skriv i årbok for Dørlaringen i 1934 at ingen mann fødd i Skjåk har vore til så stor hjelp for det økonomiske i bygda si som Vass-Per.

## SEGNER, LEGENDER OG MINNEVERDIGE MENNESKE

Vi kjenner alle huldra frå eventyr og segner. Huldra held til i fjellet og gjer det ho kan for å lokke til seg karfolk som treffer på henne. Ho syner seg helst framanfrå, slik at karane ikkje ser at ho har hale. Huldra har vore kjend som ei av dei vakraste og friaste av alle kvinneskikkelskar.


Segner og historier har dei fleste av oss fått høyre frå foreldre, besteforeldre eller andre. Noko av det vi har fått høyre, byggjer på overnaturlige hendingar, og alt har nok ikkje like mykje rot i sanninga. Men andre eventyrlege forteljingar er bygde på personar som verkeleg har levd, slik som historia om Gjendine.



## GJENDINE SLÅLIEN

Historia om Gjendine er spesiell, mest som frå eit eventyr, berre at historia hennar er sann. Gjendine Slålien, småbrukarkona frå Bøverdalen, vart namngjeten etter at ho song for Edvard Grieg, "denne Grieg'n" som ho sjølv kalla han. Gjendine vart fødd i Gjendebu, i steinbua som var seterhus der den gongen. Mora venta ikkje fødselen før sju - åtte veker seinare, men Gjendine kom om natta medan det regna så det plaska gjennom taket i bua. To timar seinare måtte mora ut for å mjølke seks kyr og seksti geiter på fri gard. Deretter tok ho seg av både Gjendine og dei tre andre borna. Då Gjendine var ei veke gamal, kom lomspresten Halling tilfeldigvis innom steinbua. Han bestemte at dei skulle døype barnet i Gjende, og gav henne namnet Kaja Gjendine. Karane som var med presten på turen, ein advokat, ein student og ein statsråd, var fadrane hennar. "Jeg døper deg til en ekte fjellets pige", sa presten. I to månader var den nyfødde med mora og syskena i steinbua, og ho skulle kome attende sommar etter sommar, både saman med foreldra og einsleg som budeie.

*Gjendine  
Slålien.  
Foto: Arvid  
Møller.*



*Postbud Ole  
Håve blir  
overfalle av  
fanten Elias  
Sperstad.  
Biletet er  
henta frå  
100-års  
jubileet til  
Gamle  
Strynefjells-  
vegen da  
mellom  
anna desse  
to stilte opp  
for å  
dramatisere  
situasjonar  
frå vegen si  
historie.  
Foto:  
Dagningen,  
Arve  
Danielsen.*

Sommaren 1891 møtte ho Edvard Grieg for fyrste gong. Gjendine var på Skogadalsbøen for å hjelpe syster si som like før hadde fått eit barn. Fyrste gong Grieg såg henne, sat ho med barnet til systera i armene medan ho song det i søvn. Voggevisa vart vidkjend som Gjendines båndull. Gjendine hadde ei sjeldan god songstemme og gjorde eit sterkt inntrykk både på Grieg og dei to kameratane. Den eine av dei, Julius Röntgen, ein hollandsk komponist, fekk eit spesielt godt auga til Gjendine. Da dei møttest på nytt tre år seinare, fridde han til henne. Gjendine tykte ikkje ho kunne seie ja. Heller ikkje da han seinare ville ha henne med til Amsterdam for å få songundervisning, takka ho ja. Ho meinte ho høyrde heime i Bøverdalen, og ville ikkje reise derifrå. Gjendine gifta seg seinare med Halvor Slålien, den beste knivsmeden i Bøverdalen.

Grieg inviterte Gjendine til Trollhaugen da han skulle feire 60-årsdagen sin i 1903, men ho kom ikkje frå den gongen. Då det var arrangert festspel på Trollhaugen i 1961, var ho æresgjest og fekk helse på



kong Olav. Gjendine var ei kvikk dame som tedde seg naturleg saman med alle. Ho var rappkjefta og slagferdig, og var eit ynda intervjuobjekt for aviser, vekeblad, radio og fjernsyn. All si tid sette ho pris på dei somrane ho hadde ved Gjende. På sine gamle dagar var ho glad i å fortelje historier frå ungdomsopplevingar i Jotunheimen, og som hundreåring var ho atter i Gjendebu. Mange av dei livlege historiene har ho delt med Arvid Møller i boka "Gjendine", utgjeven i 1976, fire år etter at ho døydde -101 år gamal.

#### RIDDERSPRANGET

Historia om Ridderspranget er kanskje ikkje bygd på like mykje sanning. Riddarane Ivar Gjesling frå Sandbu og Sigvat frå Kvie i Valdres hadde frå gammalt av vore uvener om beite- og fiskeretten i Heimdalen. Ufreden vart ikkje betre av at dei ville ha same jenta – den vakre Skårvangsola. Jenta kom til Sandbu, men medan Sandbu-riddaren var borte nokre dagar, kom Sigvat og tok henne med seg. Sandburiddaren tok opp jakta, men Sigvat Kvie tok seg over ridderspranget med jenta i armene. For å syne Sandburiddaren og hans menn korleis det ville gå med den fyrste som prøvde å hoppe etter, ytte han ein av sine eigne menn i fossen. Sigvat Kvie måtte seinare betale skadebot for brurerovet.

#### PRESTBERGSJUTULEN OG BLESSOMEN

Det vert sagt at Jutulporten i Vågå er porten inn til Prestbergsjutulen sitt palass. I "Asbjørnsen og Moes samlede eventyr" kan vi lese at i gamle dagar, den gongen da det var meir samkvem mellom menneske og troll, kunne ein kaste ein stein i porten og seie "læt opp, jutul", dersom det var noko ein ville jutulen. Eventyret til Asbjørnsen og Moe fortel om Jehans Blessom som fekk hesteskyss med ein Vågå-kar frå København til Vågå ein julekveld. Turen gjekk så fort at Blessom mest ikkje enste noko rundt seg før mannen stana ved Sandbu-vollen og sette av Blessomen der, så måtte han love mannen å ikkje sjå seg attende same om han høyrde dur eller såg ljosskin. Best det var høyrde han ein dur i Jutulberget, og det kom eit sterkt ljus. Han hugsa ikkje kva han hadde lova, men snudde på hovudet og fekk sjå at Jutulporten stod på vid vegg og at det skein ut gjennom den som om det skulle brenne mange tusen ljus. Midt i porten såg han jutulen - mannen hadde fått skyss med frå København. Frå den gongen sat hovudet på skakke på Jehans Blessom, og slik vart han så lenge han levde.

#### KRISTEN FANGJE

Segna om Kristen Fangje frå Skjåk er kjend i fleire variantar. Mellom anna skildrar Olav Aukrust segna i diktet "Sota". I seinare tid har "Lomsk" laga ein CD med musikk basert på denne historia. Ivar Kleiven skriv at det er dokumentert at ein Kristen Forberg vart avretta for eit mord han hadde gjort seg skuldig i. Dette skjedde på ein noko annan måte enn segna fortel. Der heiter det at det var to karar i Skjåk som fridde på den same jenta. Denne jenta var



budeie på Mysubytta og fekk besøk av den eine av karane, Tor Moe, nesten kvar laurdagskveld. Den andre av friarane, Kristen, ville ha jenta for seg sjølv og skaut difor Tor Moe ein kveld han var på veg til Mysubytta. Liket søkkte han i Røykjeskålsvatnet. Etterpå angra han seg og rømde til fjells. Etter kvart vart liket av Tor funne, og mistanken fall fort på Kristen. Han for rundt i fjellet heile sommaren og levde av det han sjølv fekk tak i. Den dagen Tor vart gravlagd, sat Kristen i Skeids- holet i Bisberget og spela munnharpe. Slåtten han spela, har seinare fått namnet “Kristen Fangje”. Då gravølsfølget reiste forbi Bisberget, draup det ein blodsdrope ut frå likkista. Dette vart sett på som eit teikn på at mordaren var i nærleiken. Kristen greidde likevel å halde seg i skjul heilt til vinteren kom og han måtte ned til bygda for å berge livet frå svolt og kulde. Kristen sat i fangenskap eitt år før han vart avretta.

## TJUVAR OG FANTAR

Tjuvraddar og fantar gjorde vegen utrygg for dei som for over fjella i gamle dagar. Særleg på Sognefjellet var fantaplaga stor. Til tider var fantane så mange og plagsame at folk helst reiste saman i store følgje. Måtte nokon reise einsleg, hadde dei med seg borse, sverd eller øks. Likevel var det ikkje reint få som vart rana for alt dei hadde, drepne og mura ned i røyser. Også budeier på setrene var utsette for fantefølgje. Ei budeie som fekk to fantar inn i seterhuset, var snartentk og fekk kasta kokande surmysu i augo på dei før ho sprang ut av seterhuset. I dør- openinga fekk den eine tak på stakken hennar, men den sleppte ho av seg og sprang vidare etter hjelp. Da ho kom attende med hjelpa, hadde fantane greidd å kome seg bort frå setra. Mykje syn hadde dei visst ikkje den fyrste tida.

### SØNENE HENNAR ØYRLAUS-KARI

Ivar Kleiven skriv i “Lom og Skjaak” om Øyrlaus-Kari som budde i Glømsdalsbakkom i Bøverdalen saman med dei tre sønene sine; Segert, Eivind og Hendrik. Øyrlaus-Kari heitte ho fordi sønene hennar var øvde med knivar heilt frå dei var små, og ein gong hadde øyro hennar gått med. Dei tre gutane var vidkjende tjuvraddar. Hendrik heldt seg mykje på Sognefjellet, og han var til slik plage at folk frå Luster og Lom til slutt slo seg saman og gjekk mann- gard frå kvar sin kant for å få fatt på han. Rettar- gongen vart rask, dei hengde Hendrik i ein jernkrok i berget. Staden dette skjedde heiter den dag i dag Galgeberget. Ivar Kleiven skriv at på hans tid hekk kroken der enno. Segert vart teken gong på gong, men med trolldomskunstene sine greidde han seg gjennom taka. Ein gong vart han dømd til å få skore

tre render i ryggen og få strødd salt i. Tannverk var verre, sa han. Til slutt vart han dømd til å misse livet for sverd. Dette skulle skje på Kjæstadstrond på ein stad som kallast “Rettarsta’n”. Men å ta livet av Segert vart ikkje lett. Sverdet beit ikkje meir enn om det skulle vore ei hønfjør. Ein av dei som såg på avrettinga, ropte at dei skulle dra sverdet under venstre skosålen tre gongar og stinge det i jorda ved venstre foten sin. Da skjøna Segert at det var ute med han. “Detta ska du ha takk for! Du ska få endtarm- pysja, du, for ho er den feitaste!” skreik han til den som kom med rådet. Før han vart avretta, ropte han også at han hadde gøymt ein kopparkjel full med sylvpengar under ei klopp sør i Vårdalen, og at den som kom dit fyrst skulle eige han. Det vart eit skrek- keleg kappløp om kopparkjelen, fleire rei alt hestane orka. Mannen på Enarsvoll sprengde ein hest, og mesta den andre, men så kom han fyrst til kopar- kjelen, skriv Kleiven.

### SPERSTADFANTÆIN

Midt på 1700-talet gjorde Sperstadfantæin frå Skjåk fjella utrygge for folk i heile Nordherrad. Den eine av dei heitte Kristen Rolvsson på Sperstad. Den andre var Ola Jehansson Forberg, som var bror til han som truleg var den rette “Kristen Fangje”. Båe desse to sat godt i det. Kristen Sperstad vart sett på som ein av dei mest velståande i heile Skjåk. “Mykje vil ha meir” heiter det, og forteljningane om desse to vitnar i høgste grad om det. Kor mykje som er sant av det som blir fortalt om Sperstad- fantæin, er vanskeleg å seie. Men det underlege er at dei aldri fekk straff for ugjerningane sine. Båe to var sett på som mektige menn i bygda. Bygdefolket var nok redde for dei to og kva dei kunne gjere dersom nokon sette seg i uvennskap med dei. Sperstadfantæin skulle ha teke mange menneskeliv i fjellet for å skaffe seg meir gods og gull. Dette var noko bygdefolket visste om. Skulle nokon ut og ferdast over fjellet, passa dei godt på å få greie på om Sperstadfantæin var heime - for elles var det utrygt å ferdast.

Ein gong det var aksjon på Bakke, kom det ridande ei einsleg kvinne med mykje kostbart på hestane. Ho skulle over Lorfjellet og ville ha med seg følgje. Kristen Sperstad baud seg å vera med ho. I det ho steig opp i salen på hesten, spurde ho høgt så alle som var på Bakke høyrde det, om det var ein skikka kar ho hadde teke med seg. Ingen svara. Da dei to



*Mange kløvja med hest over fjellet til vestlandet. Utlånt frå Vatne Vision.*

*Veg-  
arbeidarar  
frå Skjåk.  
Frå venstre:  
Olaus  
Nyhus,  
Jakop  
Storlien,  
Per Nyhus,  
Hans  
Gjerdet, Ola  
Brumillom,  
Torvald  
Huse og  
Syver Tuva.  
Utlånt frå  
Skjåk  
historielag  
sitt arkiv.*

kom innover fjellet eit stykke, kom også Ola Forberg etter. Det gjekk ikkje lenge før kvinna skjøna korleis det kom til å ende... dei drap ho og stal med seg alt ho eigde. Det blir sagt at dei gong på gong la stasen dei stal frå ho nedst på kistebotn, men at kvar gong dei opna kista låg den øvst att. Då eldste dotter til Kristen Sperstad skulle gifte seg, fekk ho både brukjole og forkle frå dette brotsverket - far hennar tenkte at ho ikkje hadde vondt av det så lenge ho ikkje visste noko. Dei som var i bryllaupet, sa at både forkleet og kjolen stod som ein raud loge over fanget hennar. Men brura sjølv, som ikkje visst kor kleda kom frå, såg ingen ting. Det blir også fortalt om ein gong dei drap ein kar på Sognefjellet og tok losji for natta i ei liu på Prestsetra på heimvegen.



I denne liu låg det alt ein annan kar da dei kom dit, utan at dei såg han. Han overhørte alt dei fortalde om drapet, men likevel vart det heller ikkje denne gongen gjort noko oppstuss.

Sperstadvantæin hadde lova kvarandre at når den eine døydde, skulle den andre ta livet sitt. Samvitet sleit på Kristen Sperstad dei siste åra, men da han døydde, tok ikkje Ola Forberg livet sitt med ein gong. I gravferda meinte dei å høyre ei stemme frå elva som sa "ti'e er kome men ikkje mann!". Ikkje lenge etter sprang Ola Forberg på elva og drukna seg. Samvitet som sleit så sterkt på Kristen Sperstad, gjorde at han tilkalla presten for å skrifte alle syndene sine medan han låg på dødsleiet. Kona hans hadde gøymt seg bakom ein omn for å overhøre det som vart sagt, men vart så forfjamsa over alt det han hadde gjort at ho svima av. Presten vart naturleg nok også oppskaka over alt han fekk høyre, og skal seinare ha sagt at han ikkje hadde trudd nokon kunne orke å bere så mykje stygt på samvitet.

## VEGANE OVER FJELLA

Sommarstid var det ein del handelstrafikk mellom Sogn og Ottadalen over Sognefjellet. Ferda gjekk ikkje berre ned til Sogn, men nokre gonger heilt til Bergen. Somme kløvja med hest, medan andre frakta varene på ryggen. Ottadølene tok med seg smør, ost, skinke, ull, skinn, jern og tjære som dei bytte mot fisk, korn og salt. Men å ta seg over fjellet for å drive handel med vestlendingane, var til tider reine vågespelet. Både fantar og uvêr kunne kome overraskande og med fatalt utfall. Somme stader var det sett opp trekrossar for at dei vegfarande skulle knele og be ei bøn om at ferda vidare gjekk godt. Fleire av krossane var også reist til minne om folk som hadde

omkome på turen. Vinteren 1812-13 var lang og hard etter eit dårleg vekstår, og fleire måtte reise over fjellet for å skaffe korn for å hjelpe familie og buskap til å overleve. I mars 1913 fraus seks ottadøler i hel. Det vart seinare reist ein minnestein over kvar av desse. Etter at fire av steinane vart borte, fekk Åmund Elvesæter reist dei på nytt i 1997, saman med ei minneplate med namna til dei seks.

Bilvegen over Sognefjellet vart opna i 1938. Gjennom sommarhalvåret i to år hadde 200 menn arbeid fram den tjue kilometer lange vegen. Før

vegen kom vart det brukt fleire ferdselsveggar for å ta seg over fjellet, og vi kan framleis sjå vardane som syner spora etter desse.

Frå gamalt av var det også fleire ferdselsårer mellom Skjåk og Vestlandet. Den mest brukte gjekk gjennom Sunndalen, Raudalen og Kamperhamrane. Her vart det også bygt ei trapp med 3000 steg i steinura for å gjere det lettare å kome seg fram. Den fyrste Strynefjellsvegen vart opna for ferdsel i 1894, etter fire år med anleggsarbeid. Vegen vart sett på som eit meisterverk innan vegkunsten i den tida.

Den fyrste fjellvegen frå Vågavatnet til Lemonsjøen og til Randsverk vart farbar i 1875. Nokre år seinare vart den ført til Hindsæter. Etter kvart som turisttrafikken auka på og det vart behov for betre veggar, sette setereigarane og allmenninga i gang arbeidet med å utbetre og forlengje vegen til Besstrand. Etter stadige utbetringar vart vegen opna for biltrafikk i 1920-åra.

## SLUSKAR

Dei som arbeidde med vegarbeid over fjellovergangane, vart kalla for rallarar eller sluskar. Arbeidsreiskapen deira var hakke, spade, spett og trillebår. Sluskane hadde ein stutt og intensiv sesong - frå mai til september - med lange arbeidsdagar i alt slags vør. Mange av sluskane var arbeidslaus ungdom som ikkje hadde drive vegarbeid før. Likevel vart arbeidsoppgåvene utførde med stort pågangsmot og arbeidsglede. Under bygginga av den fyrste Strynefjellsvegen kom mange av rallarane frå Skjåk, nokre kom frå Stryn, og andre var straffarbeidarar frå Sverige. I helgene kom rallarane ned til bygda for å vera med på fest og "lauslivnad", noko som gjorde sitt til at under åra med vegbygging steig talet på "uekte" fødsler i Skjåk.

## BRØYTING FOR HAND

Heilt fram til på 50-talet var det vanleg å bruke spade og handmakt for å få opna fjellvegane. På Strynefjellet kom den fyrste snøfresen i 40-åra. Før det måtte ei strekning på fem mil måkast med handmakt. Det vart fyrst påkasta grus og sand for at sola skulle få best mogleg tak og smelte snøen. Etterpå byrja om lag 200 mann med måkinga. Snøen vart kasta frå mann til mann og vart handtert fleire gonger. Brøytekanter kunne bli fleire meter høge. Høge brøytekanter over Gamle Strynefjellsvegen og Sognefjellsvegen kan ein treffe på i dag òg - både seks og sju meter ved vegopninga etter snørike vintrar. Det ligg nok ikkje like mykje handmakt bak brøytinga nå lenger, men eit enormt arbeid er det likevel.

## VINTEROPE

Heilårsvegen over Strynefjellet vart opna i 1978, og er den einaste vinteropne fjellovergangen mellom ottadalsbygdene og vestlandet. Å halde vegen open vinteren igjennom, krev at det er døgnvakt på brøytestasjonen i Breidalen dei verste vintermånadene. Karane på brøytestasjonen har kontrastfylte arbeidsdagar, ein dag kan det vere glimrande vør med tid for ein jakttur, reparasjonar og førefallande arbeid. Neste dag kan det vere vintervør av verste slag, med vind og snø, brøyting i eitt, kolonkøyting eller stenging av vegen. Uværet er mektig på fjellet og kan overraske bilistar utan vinterklede i bilen. "Opptining" av frosne bilistar som har fått motorstopp eller køyrt seg fast i uværet, høyrer

også med til oppgåvene karane på brøytestasjonen må ta seg av innimellom.

## FORVALTNING

Nye tider, nye aktivitetar og nye tankar har ført med seg nye problemstillingar til fjells. Det vert stadig sett avgrensingar, grenser, rammevilkår og kvoter. Mykje av dette vil dei fleste innbyggjarane i Skjåk, Lom og Vågå sjå på som heilt naudsynt, som kvoter på jakt og tidsavgrensing på fiske. Det vil likevel alltid vere ulike oppfatningar om forvaltninga av naturressursane våre.

## JAKTAVGRENSINGAR

På Jo Gjende og Svein Kvitingen si tid var det utenkjeleg med jaktkvoter som avgrensa skytinga ned til berre ein rein per person i ein hektisk jaktmånad. Mange skaut det dei kom over. Det blir fortalt om store følgje med jegerar som var ute berre for å skyte rein, og som let heile dyret ligge att der det fall. Ein mann kunne skyte 15-20 rein på ein dag... Til slutt vart reinsstamma i Sør-Noreg på det næraste utrydda, og ei freding måtte til før jakta kunne starta opp att i meir ordna former. Mellom anna vart det forbode å bruke Krag-Jørgensenrifle då det i 1907 vart opna for reinsjakt etter seks års forbod. Kort tid etterpå vart også ordninga med jaktoppsyn innført. I 2002 vart det skote om lag 700 reinsdyr i fjella i Skjåk, Lom og Vågå. I tida for reinsjakta var fjorten personar ute som jaktoppsyn.



*Frå vår-opninga av Gamle Strynefjellsvegen i "gamle dagar"*

*Snøen og uværet kan herje hardt på Strynefjellet, for så å roe seg ned til ein finversdag med sol og utan eit vindgust. Her er Ola Prestjordet i ferd med å måke snø av ein brøytebil. Utlånt av Odd Mork.*





## JOTUNHEIMEN NASJONALPARK

Nasjonalt park er eit omgrep av vår tid. Hovudformålet med ein nasjonalpark er å ta vare på naturmiljøet. Både landskapet, planter, dyreliv og natur og kulturminne skal vernast mot utbygging, anlegg, forureining og andre inngrep. Eit viktig vernemotiv er å sikra menneska i dag og etterkomarane våre tilgang til rekreasjon og friluftsliv i urørt natur. Den fyrste nasjonalparken i Norge, Rondane, vart oppretta i 1962. Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta som den 14. i 1980 og strekkjer seg over eit område på 1151 kvadratkilometer – om lag 60% av området ligg i Lom og Vågå.

I Jotunheimen nasjonalpark har staten ved fylkesmannen forvaltningsmynde etter verneforskrifta. Det vil seie at det er fylkesmannen som handsamar til dømes søknader som gjeld motorferdsel. I kvar kommune som er berørte av nasjonalparken er det eit tilsynsutval. Tilsynsutvala, som er oppnemnte av vedkomande kommunestyre, skal følgje med i utviklinga av nasjonalparken og særleg ta seg av interessene til lokalsamfunna. Mellom anna skal fylkesmannen innhente uttale frå tilsynsutvalet før det blir gjort vedtak etter verneforskrifta. I Lom og Vågå er fjelloppsynet i fjellstyra sekretariat for tilsynsutvala.

Statens naturoppsyn (SNO) vart etablert i Lom med ei naturoppsynsstilling i 1998. Formålet med SNO er å ivareta nasjonale miljøverdiar som til dømes nasjonalparkar, og førebyggje miljøkriminalitet. SNO skal ikkje gjere vedtak etter verneforskrifta, men utøve oppsyn etter sju særlover som omhandlar

natur, mellom anna naturvernlova, og gje rettleiing og informasjon. I tillegg kan verksemda drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon. SNO verkar i tillegg til - og samarbeider nært med - fjelloppsyna i Lom fjellstyre og Vågå fjellstyre.

## REINHEIMEN

Skjåk har enno ikkje nasjonalpark innanfor kommunegrensa, men Reinheimen har vore på planleggingsstadiet i fleire år. Dei førebelse plangrensene syner at eit eventuelt verneområde kan kome til å utgjere 575 kvadratkilometer av Skjåk kommune. Utanom Skjåk vil den eventuelle nasjonalparken med landskapsvernområde også strekkje seg inn i Lesja, Lom og Vågå, og Rauma og Norddal i Møre og Romsdal. Konsekvensutgreiingar og brukrapportar er laga. Bygdefolket i dei berørte kommunane har også vorte involverte gjennom opne møte. Det er likevel ikkje sett nokon klar tidsplan for den vidare framdrifta, og det er heller ikkje vedteke om Reinheimen i det heile skal opprettast.

## SKJÅK ALMENNING

Skjåk er i ei særstilling i høve til Lom og Vågå når det gjeld utmarksområda og fjella i kommunen - dette i og med at Skjåk Almenning eig 95% av arealet i Skjåk. Skjåk Almenning er den største privateigde eigedomen i Noreg - 2000 kvadratkilometer.

## HYTTEBYGGING

Hyttebygging er også eit omgrep av nyare tid. Frå gamalt av har dei aller fleste gardsbruk hatt ei seter, og sjølv om seterdrifta ikkje lenger er halden like godt i hevd, blir setrene brukte som fritidseigedom. Hyttebygging for å ha ein feriestad i fjellet ein kan reise til i helger og feriar starta fyrst kring 40-talet, og skaut fart på 60-talet. Tidlegare eksisterte det ein del innsмого, steinbuer og ei og anna plankebu. I Vågå ligg det mellom anna ein del fiskebuer innover Sjødalen som var oppsett allereie på 1800-talet. Buene tilhørde gardar i bygda.

I dag er både Skjåk og Vågå "store" hyttekommunar, medan Lom har vore restriktiv i høve til hyttebygging. I Skjåk er det om lag 600 hytter, i Vågå ligg talet på 750, medan Lom hadde 209 hytter ved årsskiftet 2002-2003.

*Luftige svev på Lemonsjøen alpinksenter. Området der Lemonsjøen hyttefelt er planlagt kan ein sjå ned til høgde. Utlånt av Lemonsjøen alpinksenter.*



Det fyrste hyttefeltet som vart lagt ut i Skjåk, var ved Liavatnet på 70-talet. Før dette kunne ein søkje Skjåk Almenning om løyve til å finne ei tomt i det området ein helst ville. Det er i dag sju hyttefelt i Skjåk: Liavatnet, Aursjoen, Pollodden, Nysetra/ Eldhusgrende, Heimdalen, Grotli og Hamsevika. I tillegg er det om lag 200 setrer med seterhus. Etter at det vart lagt ut hyttefelt, er det ikkje lenger ope for å finne hyttetomter utanfor desse felta. Det er også avgrensingar for korleis hyttene kan oppførast. Mellom anna er det førebels ikkje høve til å ha innlagt vatn eller kloakk.

I Lom har det i fleire år ikkje vore opna for nybygg av hytter, heller ikkje å utvide vesentleg allereie eksisterande hytter. Desse forboda er nedfelt i kommuneplanen for Lom 1994-2005. Ei rullering av kommuneplanen skal vere ferdig i 2003. I samband med denne har det kome innspel til hyttefelt både i Leirdalen, i Tesseområdet og i Søre Lia. I tillegg er det alt to regulerte og godkjente felt ved Raubergstulen og eitt i Galdlia.

I Vågå var tradisjonen utvising av festetomter i Langmorkje statsallmenning og frådeling av hytte-tomter på privat grunn. Fyrste hytteplanen i Vågå skriv seg frå 1973 og omhandlar eit område mellom Lemonsjøen og Slombu med 42 tomter. På 80-talet kom det to private hytteplanar, ein i Storviksmorkje og den andre på Stutarhaugen ved Melingen. Seinare har det gjennom kommuneplan- og reguleringsarbeid, vorte opna for fleire hyttefelt som i Hoskelie og Storviksmorkje.

#### HYTTEFELT-DEBATT

På fyrsten av 2003 har det storma mykje kring Statskog sitt planlagde hyttefelt ved Lemonsjøen. Statskog har lagt ut 70 hyttetomter der 61 vil vere knytte til både strøm, vatn, avløp og veg. Dette har møtt motstand, mellom anna frå finanskjendis Petter Olsen som eig setra Darthus like ved Lemonsjøen, WWF, Norges Naturvernforbund og bruk med beiterett i området. I sterk motsetnad til desse står reiselivet og næringslivet i Vågå. Motstandarane er opptekne av eit område dei meiner har sårbar og verdifull natur. Tilhengjarane er opptekne av næringsutvikling og fryktar vern av ytterlegare område i Vågå. Ei slik konflikt er typisk for mange andre prosjekt som har vore gjennomførte eller planlagde i fjellet i Ottadalen, og kjem heilt sikkert til å kome opp også i framtida. Ein kan nemne stikkord som hyttebygging, kraftutbygging, jaktvoter, vegbygging, nasjonalpark...




#### HISTORIE FOR FRAMTIDA

Mykje har forandra seg i fjella gjennom dei epokane vi har vore inno i denne temadelen - frå dei fyrste veidemennene kom til fjellområda i Ottadalen i steinalderen og fram til i dag. Fjellet er ikkje lenger urørt... Det har vorte gjort inngrep som det vil ta mange mannsaldrar å endre, eller som ein aldri vil kunne gjere om att. Vi kan utnytte ressursar på stadig nye måtar, og menneska styrer stadig meir og meir. Kva som er bra, og kva som er gale, har vi alle ulike meiningar om.

“Det internasjonale fjellåret” 2002 er nå avslutta. Oppsummeringane fortel oss at nordmenn nytta fjellet mykje i året som har gått. Fleire besøkte fjellstovene og hyttene, fleire gjekk turar, og interessa både for ski- og fotturar tok seg opp. Norsk Fjellmuseum i Lom hadde eit godt besøkstal i løpet av året, og det ser ut til at museet har funne sin plass etter fleire usikre år. Fjellmuseet er eit lite “skatte-kammer” som vi i distriktet kanskje ikkje har fått augo godt nok opp for. Både bilete, gjenstandar og skrivne kjelder som finst her er av stor verdi for den delen av historia vår som har gått føre seg i fjellet. For oss som bur blant dei høgste fjella i landet er det viktig å ta vare på gleda over fjellet, og føre den vidare til generasjonane etter oss.

*Frå basis-utstillinga i Norsk Fjellmuseum.  
Foto:  
Visus, Mick Sheard.*




## KJELDER:

- Hans Hosar: Bygdabøker for Skjåk
- Knut Ramberg: Gudbrandsdalen
- Arvid Møller: Jotunheimens døtre
- Kristian Hosar, Ingar Sletten Kolloen og Ola Matti Mathisen: Århundrets døler
- Arnfinn Engen, Per Roger Lauritzen, Mathias Øvsteng: Sjodalen – frå fangst til fritid
- Stein Grjøtheim: Setra og bygda – 1850 – 1940. Omlegginga av seterbruket i Skjåk sett i ljøs av utviklinga i bygda.
- Vera Henriksen m.f.: Spiterstulen
- Arvid Møller: Galdhøpiggen
- Ivar Kleiven: Lom og Skjaak
- Arvid Møller: Juvasshytta
- Anders Sandvik: Seterliv og seterstell
- Edvard Grimstad: Etter gamalt
- Ivar Kleiven: I gamle daagaa
- Arvid Møller: Jotunkongen
- Ivar Kleiven: I Heimgrendi
- Ivar Teigum: Bygdebok for Vågå og Sel
- Sverre Thon: Vertskap i Norge
- Vera Henriksen: Veodalen
- Trygve Hestahagen: Fiske og fiskekultivering i Skjåk
- 70 år med tamrein - Lom Tamreinlag 1926 - 1996
- Trygde Hesthagen, Øystein Breie og Odd Repp: tekstar om fiske frå Lom og Skjåk Sparebank si årsmelding 1996
- GD/Ketil Sandviken
- Stein Grjøtheim
- Åmund Elvesæter: Mi stund i fjelleheimen
- Årbok for Dølaringen 1931, 33, 34, 39, 48, 61, 63, 67, 70, 81, 82, 86, 88, 93
- Brosjyrene Sognefjellsvegen og Gamle Strynefjellsvegen
- Skjåk Historielag - Kveldsseto 2001 og 2002
- André Sundero
- Teknisk kontor i Skjåk v/Per Dagsgard
- Teknisk kontor i Lom v/Odd Arve Strandli
- Teknisk kontor i Vågå v/Svein Vole
- Skjåk Almmening v/Stig Aaboen
- Statskog/Prospekt Lemonsjøen Hyttefelt
- Underdal/Grønli/Stang: En reise i Norge
- Villreinen 2002, årbok for Villreinrådet i Norge
- Are Bergheim
- Per Vole
- Knut Granum
- Aase Vole Dalen
- Ole K. Vole
- Bjørn Dalen
- Mathias Øvsteng
- Øyvind Tengesdal

## MEIR OM FOLK OG FJELL

Det er eit stort kjeldemateriell som vert nytta når ein set saman ei slik skrift. Blant desse finn vi svært mange bøker som gjev betre innblikk i alle delar av historia til Skjåk, Lom og Vågå. Dette er bøker der alle Ottadølar vil finne kunnskap om historia til bygdene. Opplysningar det er særst viktig at vi samlar på og hugsar. Slik som bøkene til Ivar Kleiven som er av dei viktigaste historie-bøkene for Ottadalen. Her får vi detaljerte forteljingar om ulike ting som har hendt - eller skulle ha hendt - i bygdene våre. Gamle segn, beskrivingar om seterstell og daglegliv. Mange andre forfattarar - både avdøde og nålevande har også samla historisk stoff du kan finne i hyllene på biblioteket eller i bokhandelen. Ein titt i fjorårets årsmelding om forfattarar frå Ottadalen eller i kjeldelista til årets årsmelding syner mange navn. Bygdabøkene våre skal vi heller ikkje gløyme - dette er viktige verk for Ottadalen. Også Årbøkene for Dølaringen er viktige verk, biblioteket har også samla stikkordsregister for alle bøkene der du kan søke etter både emne, namn og forfattar.





# Lom og Skjåk Sparebank

2688 LOM

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK

Telefon: 61 21 35 00

Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ

Telefon: 61 23 94 50

Telefaks: 61 23 94 51

[www.lomogskjaak.sparebank1.no](http://www.lomogskjaak.sparebank1.no)

[bankpost@lomogskjaak.sparebank1.no](mailto:bankpost@lomogskjaak.sparebank1.no)

Telefon bankbuss: 94 43 38 31

Design, utarbeiding og ide: Visus, Lom.

Tekst i temadel: Visus, Lom.

Trykk Østfold Trykkeri, Askim.

Foto utan namn på fotograf: Visus.

